



Sekstetten som kanskje er klar for ein lokal "Pajama Game" testar ut danseformen : Marit Sofie Lea, Siv Kristin Kyrkjeide, Mari-Ann Haugen og Monika Myklebust står i midten medan Morten Eidsvik og Joakim K. Sandnes befinn seg på flankane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Morgon-gimmicken på bensinstasjonen i Uskedalen som innebar at personalet hadde pyjamas på seg frå klokka seks for å introdusera den nye opningstida er over – men berre for denne gongen. Ho som fann på dette, Siv Kristin Kyrkjeide, seier til uskedalen.no at ein ikkje skal sjå bort ifrå ein ny pysj-framstøyt. Men ho legg til at det kanskje i staden hadde vore meir passande å nytta pyjamas fram mot stengjetid då folk vitterleg snart skal leggja seg.

Og kan hende opnar det seg også andre perspektiv og moglegheiter for dei seks som no har markert seg skikkeleg som pyjamas-ambassadørar?

Kanskje ligg det an til ein lokal variant av Broadway-musikalen "The Pajama Game" i ein eller annen revy? Det var forresten ikkje berre ein musikal, det var også ein film og arbeidarane på ein pysj-fabrikk var sterkt i fokus. Eller ein kan tenkja seg ein variant av "Bananas in Pyjamas", som var eit TV-show for den yngre generasjon. Her er det mykje å spela på for ein revyforfattar.

Kva med eit lokalt revy-initiativ med arbeidstittelen "The Uskedalen Pyjamas Game"?

Det er i alle høve på høg tid at også Uskedalen slår til med ein revy. Kvifor skal naboane ha monopol på slike løyer?

Av Ola Matti Mathisen